

Helge Henanger
Øvre Sagstad 110
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4972 - 21/40637

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
14.06.2021

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 318/1 Sagstad øvre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 27.05.2021.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Området er uregulert sett av til bustadbygging i kommunedelplan for Meland. I følgje punkt 1.2.1 i føresegnene til planen er det krav om at arealet skal inngå i reguleringsplan før det kan gjevast løyve til frådelling. Det må eventuelt søkjast om dispensasjon frå dette kravet før saka kan handsamast. Søknad om dispensasjon skal vera grunngeven. Meir informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunene sine heimesider: [Alver kommune - Dispensasjon](#).

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 25.07.2021. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Camilla Henanger
Helge Henanger

Øvre Sagstad 110
Øvre Sagstad 110

5919 FREKHAUG
5919 FREKHAUG